

Arkivnr: 2014/560-72
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

Førespurnad frå Sentralt ungdomsråd i Oslo om Ungdommens storting

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har fått ein førespurnad frå Sentralt ungdomsråd i Oslo om å arbeide for å starte eit Ungdommens storting, der slike spørsmål vert ønska diskutert:

- *Er det et ønske i ditt UFT om at vi/noen skal jobbe videre med Ungdommens Storting?*
- *Ønsker ditt UFT å stille seg bak denne uttalelsen (evt med endringer)?*
- *Ønsker dere å bidra inn i en arbeidsgruppe/referansegruppe?*
- *Har dere konkrete innspill til prosessen? Hva vi bør gjøre/hvordan osv.?*

Sentralt ungdomsråd i Oslo ønskjer å samle dei Ungdommens fylkesting som eksisterer for ein felles uttale. Førebels uttale ligg vedlagt denne saka. Planen er å starte ein dialog på ny med Stortinget sitt presidentskap for å blåse liv i Ungdommens storting.

Sentralt ungdomsråd i Oslo ber Ungdommens fylkesutval om å diskutere uttala og å sende inn innspel til dei for å samordne desse. Målet er å kome fram til ein uttale som alle Ungdommens fylkesting kan stille seg bak.

Eigen organisasjon kjem med slike innspel til førespurnaden og uttala:

- Er det et ønske i ditt UFT om at vi/noen skal jobbe videre med Ungdommens Storting?
 - o Under mål 4, Eigen Organisasjon, i Ungdommens planprogram (UPP) står det klart at medverknadsorgan skal lovfestast på kommunalt-, fylkeskommunalt- og nasjonalt nivå. Det står òg at «UFU skal arbeide aktivt, og helst saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan, for å fremje saka». På grunnlag av dette vert UFU råda til å svare ja.
- Ønsker dere å bidra inn i en arbeidsgruppe/referansegruppe?
 - o Mål 4 b., Eigen Organisasjon, i UPP er: «UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.», derfor bør UFU seie ja til å delta i ei slik gruppe.
- Ønsker ditt UFT å stille seg bak denne uttalelsen (evt med endringer)?
 - o Som Oddrun seier i e-posten så er uttalelsen ganske «rund» i formuleringane for å få flest moglege til å stille seg bak uttalelsen. Eorg meiner at UFU bør seie seg einig med uttala,

men spille inn at det er ynskjeleg at dei tre nivåa for medverking vert knyta saman. I tillegg bør UFU diskutere om me er einige med at aldersgrensene i eit slikt medverknadsorgan er 13 – 19 år.

Uttalelsen nemnar at «*Politisk arbeid er også et helårsarbeid. Derfor bør valgte representanter også arbeide med oppfølging av sakene gjennom hele året.*» I tillegg til at alle representantane forpliktar seg til å følgje opp saker, meiner Eorg at medverknadsorganet på nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som har eit tilnærma likt ansvar som UFU no har overfor UFT. Dette samsvarer med punkt 4 under Eigen Organisasjon i UPP.

- Har dere konkrete innspill til prosessen? Hva vi bør gjøre/hvordan osv.?

I tillegg meiner Eigen organisasjon at ein bør stille seg bak og leggje ved Maria Vatnøy sin høyringsuttale til lovfesting av medverknadsorgan på kommunalt- og fylkeskommunalt nivå. Det er ein grundig uttale som kjem med mange gode, relevante punkt og forklarar kva arbeid som er lagt ned rundt dei ulike nivåa av medverknadsorgan. http://www.regjeringen.no/pages/38472851/Maria_Vatnoy.pdf

Forslag til avgjerd

1. Ungdommens fylkesting vedtek å støtte eit vidare arbeid med Ungdommens storting.
2. Ungdommens fylkesting vedtek å delta i ein arbeidsgruppe/referansegruppe.
3. Ungdommens fylkesting vedtek å stille seg bak uttala med slike endringar:
 - Eit nasjonalt medverknadsorgan skal basere seg på kommunale- og fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom. Dei tre ulike nivåa skal henge saman og byggje på kvarandre.
 - Ei eventuell endring av aldersgrenser

Alle representantar i det nasjonale medverknadsorganet forpliktar seg til å arbeide med oppfølging av sakene gjennom heile året. I tillegg til dette skal organet velje ei arbeidsutval som har eit særskilt ansvar for oppfølging, samt andre oppgåver som deltaking i planlegging og gjennomføring av arrangementet.

4. Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med slike innspel til prosessen:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.